

Vestlandsrådet

Politisk leiing
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112, Dep
0032 Oslo

NORSKE MIDLAR TIL INTERREG 2014 – 2020

Vestlandsrådet meiner at det er særst uheldig at regjeringa føreslår kutt i dei norske midla til Interreg og norsk deltaking i EU sitt territoriale samarbeidsprosjekt. Dei fire Vestlandsfylka har vore aktivt innanfor Nordsjøprogrammet. Midlane er ei døropnar for aktørar på Vestlandet for samarbeid med landa rundt Nordsjøen.

Partnerskap og privat sektor

Noreg har delteke i EU sitt territoriale samarbeid, Interreg, sidan 1996. Deltakinga har gjort det mogleg for norske kommunar og fylkeskommunar å delta i europeiske prosjekt med stor verdi for lokal og regional utvikling. Privat sektor fekk også høve til å delta under førre programperiode i Nordsjøprogrammet. Under nåverande perioden 2014-2010, er deltaking frå privat sektor meir konkret og betre formalisert enn tidlegare. Aktørar på Vestlandet ser på Interreg som ein viktig reiskap i det regionale utviklingsarbeid. Privat sektor bidrar med si særskilde kompetanse med mål om å drive med innovasjon og utvikling i produkta og tenester. Ei viktig målsetting er å sette saman partnerskap kor verksemd, forskingsinstitusjonar og kommunar/fylkar jobbar saman for å løyse spesifikke samfunnsutfordringar. Vi ser fleire prosjektforslag kor ein eller fleire verksemd ønskjer å bidra med teknisk ekspertise eller som ønskjer å bruke Interreg til testing og demonstrasjon av nye metodar eller produkta. Vi ønskjer å sjå korleis dette fungerer og vil satse vidare for å sikre konkrete resultat. Interreg støtter opp under og forsterkar også det norske satsinga innanfor klyngearbeidet med målretta tilrettelegging og vidareutvikling. Kvifor veljar regjeringa å kutte i desse midlane og på kva for ein grunnlag?

Interreg er difor ein unik arena for innovasjon kor ein kan byggje partnerskap mellom offentleg aktørar, næringsliv og forskning. Interreg har eit lavt terskel for deltaking og ein høgt terskel for testing og nyskaping. Fleire rapporter har vist tydinga av Interreg-instrumentet, seinast i ein rapport frå NIBR utarbeidet på oppdrag frå KS ("EU-programmer: deltaking og nytte for kommunesektoren" - rapport 2015:19).

Dei nye regionane

På Regjeringas kontaktkonferanse for fylkeskommunane 12.april 2016 føreslo EØS- og EU-minister Elisabeth Vik Aspaker at ein samlar informasjon om det europeiske arbeidet som fylkeskommunane gjer i dag, med tanke på å gje dei nye regionane ein enda tydelegare rolle. Det står i sterk kontrast til kutt i midla til Interreg. Vestlandsrådet meiner at oppgåva med å sette saman partnerskap og fremje innovasjon i offentleg og privat sektor i eit europeisk perspektiv, kan ha stor nytte for dei nye regionane. Regionane treng dette og andre slike reiskap til å ta rolla.

Stort engasjement

Det er estimert at dei fire Vestlandsfylka har til saman fått tildelt cirka. € 8,4 millionar i programperioden 2007-2014. Aktørane har deltatt med eigen innsats eller eigne midlar som utgjer like mykje. Dette viser ei verdiskaping og stor interesse og engasjement frå aktørane. Kuttet i Interreg

Vestlandsrådet

B og C programma for 2017 er etter vår vurdering ikkje i tråd med dei strategiar og målsettingar som Regjeringa og KMD har for sitt europapolitiske engasjement. Regjeringa har ved fleire høve oppmoda til auka aktivitet og utnytting av EU-program frå norsk side, seinast i samband med møte i Europapolitisk forum i Kirkenes 22. september 2016.


Koplingar til Horizont 2020

Fylka har satt i gang mobiliseringsaktivitetar for å gjer regionale aktørar kjent med EU-programma og mulegheiter som fins i slike prosjekt. Interreg har i dag sterke koplingar til forskings- og innovasjonsprogrammet Horisont 2020 og har ei rolle i mobiliseringsarbeid for å få opp deltaking frå norske aktørar i store forskingsprosjekt. Partnerar i eit Interreg-prosjekt bygger nettverk og viktige erfaringar og har dermed lågare terskel for deltaking i andre europeiske prosjekt. Noregs Forskingsråd har arbeida målretta for å finne og utnytte desse koplingane. Horizont 2020 har spesifikke mål om å involvere både offentleg sektor og næringsliv, saman med forskingsinstitusjonar, i prosjekt av tyding under søyla «Samfunnsutfordringar». Utenriksdepartementet har peikt på koplingar mellom Interreg og Horisont 2020 og oppmodar til auka satsing og deltaking frå norsk aktørar. Interreg er eit viktig springbrett mellom desse programma. Vestlandsfylka er i gang med dette arbeidet. Ser regjeringa fortsatt verdi av Interreg i samanheng med mobilisering til Horisont 2020?

Påverkingskanal ovanfor EU

Det har vore viktig frå norsk side – både departement og regionale mynde – å oppnå status som likeverdig partner i Interreg ovanfor EU og våre europeiske partnerar. Vi har også klart å få med norske synspunkt og prioriteringar i dei ulike programma. Vestlandsrådet ser på dette som ei tydeleg påverkingskanal for regionane innanfor EØS-avtalen kor slike kanalar ikkje naudsynt er openbare eller lett å utnytte. Kutt i budsjettet i ein programperiode er eit dårleg signal ovanfor våre samarbeidsland i Europa. Er regjeringa samd med Vestlandsrådet om viktigheit for å oppretthalde påverkingskanal som eit ikkje-medlemsland innanfor EØS-avtalen?

Med venleg helsing,



Anne Gine Hestetun
Leiar i Vestlandsrådet

Kopi til Utenriksdepartementet